

Til informasjon

I lengre tid har helseinstitusjonane våre hatt besøksrestriksjonar. Fleire har sikkert no fått med seg at helseministeren onsdag 27.mai, mjuka ytterlegare opp på restriksjonane i helseinstitusjonar/ sjukeheimane. Dette er nok eit tiltak fleire har venta på og sett fram til.

I samband med dette er det no utarbeid nye retningslinjer i tråd med nasjonale føringar.

Det er viktig å påpeike at besøk framleis skal avtalast på førehand. Vi har også satt foreløpige besøkstider. Ber om at dykk følgjer desse.

Smittevernråd i samband med besøk ved institusjonane våre;

I forkant av besøk:

- Besøk skal avklarast med institusjonen. Samtidig skal besøkande få informasjon på gjeldande rutiner og smittevernråd. Besøk kan skje både utandørs og innandørs. Tal på besøkande innandørs vil vere avhengig av storleiken på rom slik at anbefalte avstand (minst 1m) kan overhaldast. Hos oss sei vi 2 besøkande til kvar pasient ved innandørsbesøk . Ute kan opptil 4 personar kome. I tillegg må øvrige smittevernråd følgast. Husk besøksprotokoll!
- Pårørande eller andre som er sannsynleg eller bekrefta med covid-19 kan i henhold av covid-19-forskrifta ikkje kome på besøk. Vi ønskjer heller ikkje besøk frå personer med forkjøling eller andre liknande symptom. Når det gjeld besøk til bebuar i terminalfase må det gjerast ei vurdering i samråd med lege.
- Ved avtalt tidspunkt vert du møtt ved hovuddøra/avdelingsdør av tilsett ved institusjonen. Du vil då få nokre enkle spørsmål sett i høve smittehensyn, og besøksprotokoll vert ført. Du skal så gå direkte til bebuaren sitt rom.
- Spesielt i helgane er det travelt for dei tilsette. Foreløpig besøkstider vert difor kl. 11.30 – 13.00 og 16.00 – 17.30.

Under besøket: (etter anbefalingar frå FHI 28.05.2020).

- Det må førast protokoll med tidspunkt, namn og telefonnummer for alle besøkande
- Alle besøkande må utføre handhygiene ved ankomst.
- Besøkande skal gå direkte til brukaren sitt rom. Ikkje opphalde seg i fellesareal.
- Besøkande skal halde 1m avstand til tilsette og andre.
- Besøk innandørs må avgrensast til 1t pr veke pr bebuar. I terminalfase vert det opna for lengre og hyppigare besøk.
- Besøkande bør halde 1m avstand til den dei besøker. Om avdelinga meiner det er forsvarleg kan påørande halde bebuar i handa. Ingen klemming, unngå tett ansikt-ansikt kontakt . Personalet skal i utgangspunktet vere tilstades under besøket, men det kan vere grunnlag for å vurdere dette frå besøk til besøk.
- Pasient/brukar kan ta i mot gåver, blomster og liknande. Men viktig at generelle råd for handhygiene vert ivareteke, for å forebygge indirekte kontaktsmitte.
- Om besøkande har med mat bør alle utføre handhygiene før maten vert servert og ete. Det er ikkje høve til å nytte kjøkken i avdelinga.
- Pasient/bebuar må utføre handhygiene når besøkande forlet rommet.
- Besøkande skal utføre handhygiene ved besøkets slutt.
- Besøkande skal informerast om at dei ved symptom på covid-19 med påfølgjande prøvetaking, skal opplyse om at dei har vore på besøk i institusjon, som del av evt. smittesporing.